



Erik Madsen
Våkleivbrotet 85
5155 BØNES

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/1939 - 16/14660

Saksbehandlar:
Berit M.Eskeland
Berit.Eskeland@meland.kommune.no

Dato:
15.07.2016

GBNR 47/67 - Melding om mangel ved septiktank

Meland kommune er forureiningsmynde etter Forurensingslova (forurl.) og har plikt til å følge opp meldingar om mogeleg/fare for forureining.

Når det er fare for forureining i strid med Forurensingslova eller vedtak i medhald av lova, skal den ansvarlege for forureininga sørga for tiltak for å hindra at forureining skjer. Når forureining har oppstått skal den ansvarlege sørgje for å stansa, fjerne eller avgrensa forureininga, jf. forurl. § 7.

Meland kommune har 24.06.2015 motteke melding frå Johny Birkeland Transport AS om at septiktank tilhøyrande eigedommen er defekt.

Septiktanken må utbetrast/skiftast ut. Frist for arbeidet vert sett til seinast ved neste tømning av septiktanken.

For å få utbeta/skifta ut septiktanken må du kontakte eit godkjent rørleggarforetak eller foretak som har ansvar for tømning av tanken din.

Dersom septiktanken allereie er utbeta/skifta ut ber vi om tilbakemelding på dette i vedlagt skjema.

Dersom du meiner at opplysningane våre ikkje er rette eller at det fins andre grunnar til at du ikkje har plikt til å utbeta septiktanken ber vi om at du tek kontakt med oss snarast mogleg og seinast innan fristen som er sett for utbetring av tilhøvet.

Dersom kommunen ikkje har mottatt skriftleg tilbakemelding innan fristen om at arbeidet er utført, vil kommunen vurdera å gje pålegg om utbetring, jf. forurl. § 7. Det vil samstundes bli vurdert å fastsetja tvangsmulkt, jf. forurl. § 73.

Tilbakemelding

Når septiktanken er utbetra/skifta ut må du fylla ut vedlagte tilbakemeldingsskjema for utført arbeid og returnera det til kommunen. Skjema sender du til

- postmottak@meland.kommune.no eller
- Meland kommune, Postboks 79, 5906 FREKHAUG

Spørsmål i saka kan rettast til saksbehandlar på telefon 56 17 10 00 eller på e-post.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Berit M.Eskeland
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

GBNR 47-67 Skjema for tilbakemelding

Mottakere:

Erik Madsen

Våkleivbrotet 85 5155

BØNES